

MEDLEMSINFORMASJON

OKTOBER 2011

“Krystallklare dager, ja nå er det høst.....” vel, vel, kan ikkje seie at det er den songstrofa som passar best her i Florø denne hausten. Det som i alle fall er sikkert er at dette er ein ypperleg haust til å sitje inne å kose seg med handarbeid!!!

Vi har eit unikt og triveleg lokale, men det er diverre ikkje sjølvrensande.... Vi er difor alle avhengige av at du tek din tørn med vasking. Det heng, slik det alltid har gjort, lister i kreativiteten, sjekk der og få med deg dei som står ilag med deg. Det er viktig at alle bidreg med sin innsats også når det gjeld medlemskveldar. Vi minner om at dersom du ikkje kan, er det ditt ansvar å byte med nokon.

Vi har etterkvart fått eit innhaldsrikt bibliotek i Kreativiteten, og fleire nye bøker kjem det framover. MEN det er viktig at du leverer inn bøkene etter ein månad slik at fleire kan bli inspirerte og bruke bøkene!! Vi lurar og på om nokon veit kor mappa med sticherymotiv er.....

Framover hausten har vi fleire spennande og forhåpentlegvis kreative kveldar framfor oss før vi opnar julebutikken vår;

20. Oktober



Denne kvelden skal vi begynne på “stichery og applikasjons-prosjektet” vårt. Tanken her er at du får hjelp til å lage eit “bilde”, enten du vil applikere, sy stichery med eller

utan fargestiftar.... Det er opp til deg kva du vil lage, men vi har mange idear, og alle skal få den hjelpa dei treng på vegen. Du må ta med stoff til bakgrunn, evt stoff til applikasjon.

Som vanleg begynner vi klokka 19.00, og som vanleg blir det pause med kaffi, kaker og loddsal.

Noko du lurar på så ta kontakt.....

27. Oktober

Oktobergruppa

Meir informasjon kjem når dei er ferdige med planlegginga..... vi ventar i spenning....

Til slutt må vi takke alle som bakte kaker, og var med og selde dei på Alternativ messe i Flora Samfunnshus. Tilsaman selde vi for over 9000,- desse to dagane. Gode pengar å ta med seg inn i vinteren.... TAKK

24. November

Denne kvelden MÅ du sette av til ein tur i Kreativiteten. Vi er så heldige at vi har fått Kari N. Grødem til å komme å vise oss ulike strikketeknikkar. Det kjem meir info og bilder seinare, med husk dato.

Då håpar vi å sjå deg i Kreativiteten!!!!

***“Kreativitet er å finne opp, å eksperimentere,
å vokse, ta sjansar, bryte regler, gjøre feil og ha det gøy”***

Mary Lou Cook

